

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 15.09.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Bjørn Ivar Bø  
**SAKA GJELD:** **Val av og blant dei tilsette – oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF**

**ARKIVSAK:** 2012/461  
**STYRESAK:** **110/16**

**STYREMØTE:** **03.10. 2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2017, skal ha følgjande medlemmer:

- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Vest - leiar
- Hilde Cathrine Espeland, konserntillitsvald for YS, Helse Vest - nestleiar
- Hilde Christiansen, Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi, Helse Vest RHF

## Oppsummering

Styret i Helse Vest RHF kan ha inntil ti medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer jf. Føretaksmøtet 7. januar 2014. Med utgangspunkt i dei partsforhold som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var per februar 2015.

## Fakta

I «Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styre» står det i § 8 at valet skal bli leia av eit valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Det er styra i føretaka som skal peike ut valstyret.

## Kommentarar

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoen for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal òg kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifta, og om dei føreslåtte kandidatane er villige til å stille til val.

Valstyret vil ha ei funksjonstid frå oppnemninga av styret i Helse Vest RHF og til valet i 2017 er gjennomført og godkjent. Det er ei målsetting at valet skal vere gjennomført i starten av februar 2017.

Helseføretaka skal òg etablere egne valstyre for gjennomføring av val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette, som må starte hausten 2016 for å vere i mål til starten av februar 2017. Det er ei målsetting at valprosessane i alle føretaka kan vere samkjørte, og at alle valstyra blir einige om ein felles valdato for valet i 2017, slik det har vore praktisert tidlegare. Det vil også medverke til at det er felles prosessar for heile føretaksgruppa Helse Vest.

## Konklusjon

Forslag til nytt valstyre for Helse Vest RHF, for valet i 2017, er:

- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Vest - leiar
- Hilde Cathrine Espeland, konserntillitsvald for YS, Helse Vest - nestleiar
- Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi, Helse Vest RHF

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2017 er gjennomført og godkjent.